

# FACT Sunnfjord og ytre Sogn



Helse Førde ved psykiatrisk klinikk DPS dag, har starta arbeidet med utgreiing av FACT for Sunnfjord og ytre Sogn. FACT (Flexible Assertive Community Treatment) er ein samhandlingsmodell mellom spesialisthelsetenesta og kommunen. Modellen rettar seg mot personar med alvorlege psykiske lidingar og med store samansette utfordringar. Bakgrunnen for satsinga av FACT i Norge, har vore at ein oppleve tenesteapparatet som fragmentert, og at det er manglande samhandling og koordinering mellom spesialisthelsetenesta og kommunane. Målet med FACT er at menneske i målgruppa for oppfølging i eit FACT-team, skal oppleve betre heilskaplege og integrerte tenester, samt kontinuitet i oppfølginga. På den måten kan brukarar få éin dør inn, og møte færre tenesteaktørar. Eit FACT-team er eit tverrfagleg samansett team. Det er fokus på å hjelpe menneske der dei bur, og oppfølginga skjer stort sett på deira arena og i trygge omgjevnad. I tillegg vil pårørande, naboar og andre i nettverket vere ein viktig samarbeidspart for FACT-teamet. I Vestland er det etablert 9 FACT-team, derav eit team ved Nordfjord psykiatrisenter. Helse Førde har tatt initiativ til denne satsinga, og prosjektgruppa er godt i gang med arbeidet. I prosjektgruppa deltek fagpersonar frå Helse Førde og kommunane, tillitsvald, brukarrepresentant frå Mental helse og verneombod. Vi er framleis i startgropa i prosjektet, men vonar at ein i løpet av 2024 kan starte opp FACT-team i Sunnfjord og ytre Sogn.